


## Sotra Heimeservice v/Ole Asbjørn Fauske

Nordre Nesvegen 8,  
5357 Fjell

Telefon: 91618464

<https://heimeservice.no/>

E-post: [heimeservice@gmail.com](mailto:heimeservice@gmail.com)



29. november 2020

Bildøy Hyttelag

v/Styreleder Jørn Morten Einen

93250990, [geobacter75@gmail.com](mailto:geobacter75@gmail.com)

### Tilbod om felling, kvisting og deling

Ref telefonsamtale og epost. Etter befaring i dag har eg laga eit tilbud for felling, kvisting og oppdeling av tre som skal takast ned.

#### Generelt.

Trea som skal takast ned har varierende storleik og står til dels like ved hytter, kraftlinjer og gjerder. Mange av trea må derfor takast ned i deler frå toppen, og mange stader må store greiner takast ned enkeltvis før felling av sjølve treet. For å gjera jobben sikkert og med så lav risiko som mogeleg må det brukast mykje utstyr og forbuksmateriell (motorsager, bensin/olje, vinsj, taljer, stige, tau- og sikringsutstyr etc). Utstyret kan ikkje kjøyrast fram (heller ikkje med ATV). Dette er utstyr som til saman koster fleire titusen kroner, og det kan ikkje liggja ute om natta. Derfor må det fraktast til fots fram og tilbake kvar dag.

#### Kostnader.

Det varierer sterkt kor lang tid det tar å felle eit tre. Éin person med motorsag kan fint felle 20-30 tre på ein dag dersom dei kan takast rett ned utan at det er hindringar i veggen (5-8 tre dersom dei skal kvistast og delast opp). Men om eit stort tre stå rett ved hus, gjerder og kraftlinjer, kan det vera at to personar må bruka ein heil dag på berre eitt tre (i sjeldne tilfeller to dagar på eitt tre). Det er derfor svært vanskeleg å gje eit tilbud om fastpris pr tre i dette området. Noko kan nok takast ned av éin person, men for å ivareta nødvendig sikkerhet og risiko for personar og eigedom må det dei aller fleste stader vera to personar.



Eg har derfor valgt å gje tilbod med fastpris pr dag for to personar. Ved enkelte hytter vil sannsynligvis éin dag vera nok, men ved andre vil vi måtta bruka fleire dagar (eg kan evt laga eit tilbod med fast pris for den enkelte hytteeigar etter ny befaring saman med eigaren).

Kostnad for felling, kvisting og kapping pr dag:

Forbruk (transport, bensin/olje etc)	kr 600, -
Bruk av nødvendig utstyr (sager, vinsj, stiger, sikringsutstyr etc)	kr 1.000, -
Arbeidstid (to personer pr dag á 8 timer, á kr 500,- pr t)	kr 8.000, -
<u>Sum:</u>	<u>kr 9.600, -</u>

+ 25% mva kr 2.400, -

Arbeidstida vil inkludera tida som må brukast til å frakte utstyr fram og tilbake. Effektiv arbeidstid til felling vil derfor kunne variera med avstanden frå der bilen kan parkere.

Snø og frost vil føra til at vi bruker lengre tid pr tre enn normalt, og sterk vind kan hindra felling.

Arbeidet kan evt starta opp i midten av januar.

Tilbodet er gyldig i 30 dagar frå dagens dato.

Med helsing,

Sotra Heimeservice v/Ole Asbjørn Fauske